



Geilo 18 på Kråkehaugen vart seld innan ei veke.

Det er stor variasjon i kor lang tid det tek i å få selt eit hus/leilegheit i Uskedalen. Noko av det raskaste må vera salet av Geilo 18 på Kråkehaugen. På ei veke var huset og eigendomen seld, Andre salsobjekt ligg ute fleire år før det vert ei løysing. Uskedalen.no vil ha ein kort gjennomgang på det ein veit om av nye og eldre hus og leilegheter for sal. Lista er ikkje fullstendig og det kan vera gjort endringar den siste tida.



Leileghet med livsløpsstandard med hagestove og garanse ligg ute for sal i Hagetunet.

- Sal av Geilo 18 vart gjort kjend på Uskedalen.no laurdag 2. juni. Laurdag 9. juni var huset og eigendomen seld
- Ei hytte på Holmen vart seld rimeleg raskt via Borgen Advokater
- Ei hytte på Eidet på Skorpo har i lengre tid vore for sal. Hytta ligg med front mot Jektholmen i vest
- Leileghet med livsløpsstandard, utestove og garasje ligg ute for sal i Hagetunet
- 6 nyoppførte leilegheter i det såkalla Mollobygget har vore for sal ei tid. Prisar frå 1,9 mill kr. DNB er meglar.
- 3 mannsbolig i Nedre Halsane er godkjend og annonsert for sal. Ein einebustad i same område er under oppføring
- Nye bustader er snart klar for innflytting i Ospelunden byggefelt
- Ein eldre villa med dobbel garasje i Halsabrotet 15 vert seld
- Eit eldre hus i svingen på Myhre ved Mørkevågen vert seld
- Ein seksjonert bustad med to leilegheter i sentrum er alt teken i bruk ved at den eine seksjonen er seld
- Meglaren Responsa sel det brannskada bygget på Brekktoppen. Her er fleire leilegheter og areal for næring på gateplan. Pris: kr. 600.000,-
- På Finn.no les vi at ein einebustad i Padlaporsen ligg ute for sal
- Uskedalen.no er kjend med at ein einebustad i Halsane vert gjort klar for sal
- Ein einebustad nær sjøen i Korsneset er ledig og vert seld
- Vertshuset som næringsbygg er lagt ut for sal via DNB eiendom
- Det er regulert og ledige tomter for sal i Skårhaug, Nedre Halsane og i Ospelunden
- Stølen er regulert, vert detaljprosjektert og gjort klar for sal

Som sagt :Lista er ikkje fullstending og det kan raskt dukka opp nye salsobjekt.

Alle objekta, som er nemnde her, ligg sentrumsnært og har god utsikt. Alle husa/leileghetene/ tomtene er knytta til Uskedal vassverk si vassforsyning.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/ Kristian Bringedal/ Foto med løyve frå Johannes Hjørnevåg



Nye tomannsbustader er klar for innflytting i Ospelunden.